



Sondre S. Myklebust scora på bestilling i sesongen. Han stoppa på utrulege 75 mål.

Sist søndag inviterte fotballgruppa i Rosendal turnlag til den årvisse og store fotballfesten i Rosendal samfunnshus. Heile 300 fotballspelarar frå 10 av dei eldste aldersbestemte laga deltok på festen som vart avvikla på tradisjonelt vis leia av Gunnar Våge. Det var mange uskedelingar i festlyden.

Eit sentralt punkt i programmet var det sjølvsagt at dei unge spelarane vart heidra for god innsats. Til å dela ut heidersteikna hadde fotballgruppa fått ordførar Peder Sjo Slettebø. Blant heidertekna var også ein pokal som vart delt ut dersom ein spelar scorar meir enn 50 mål i sesongen. Denne vart delt ut til mål garantisten Sondre S. Myklebust. Han scora heile 22 mål for A-laget i 6.divisjon, og totalt stoppa han på utrulege 75 mål. Impnerande!!

Elles var det også andre som vart heidra spesielt. Ein av dei var Arvid Nes som var nominert til Nikken-prisen som vart delt ut under cup-finalen helga før. Elles var det rikeleg servering av gratis brus, pølser og kaker. Utlodding var det også.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ragnvald Myklebust.